



Sak nr 27/2013

Møtedato: 4.9.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 323.0

Revisjon av stølsforskrift

Endring i §9 i stølsforskrift om når støl er i bruk, er sendt ut til høyring frå Landbruks- og matdepartementet (LMD). Frist for å gi uttale er 1. oktober. LMD foreslår følgjande ny ordlyd i § 9 (endring står i kursiv): Blir setervollen hausta, *anten til eige bruk eller for sal*, eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, vil setra vere « i bruk » i høve til §22 i fjellova.

Bakgrunn for høyringa er at Vestre Slidre fjellstyre gjorde vedtak om å tillata bygging på ein støl som dreiv produksjon av fôr til sal. Statskog klaga over dette vedtaket med grunngjeving at dette ikkje var støl i bruk, då Statskog hevda det måtte vera husdyr på bruket for at stølen skulle reknast for å vera i bruk. Fjellstyret bad LMD om å sjå nærare på dette som ei prinsippsak. Fjellstyret har saman med fleire aktørar arbeidd mykje med saka. Det har vore møte i LMD og LMD har vore på befarung i Vestre Slidre. Det er teke opp fleire problemstillingar knytt til forskrift og vist at det var behov for ein gjennomgang av meir enn § 9. LMD konkluderte med at det etter fjellova og stølsforskrift §9 ikkje var krav om husdyrhald for at ein støl skulle vera i bruk. Statskog si klage over fjellstyrevedtaket vart ikkje teke til følgje av klageorganet Statens landbruksforvaltning (SLF). LMD opplyste at det ville koma ei endring av forskrift som ville klargjera nærare når ein støl var i bruk og det er denne endringa som no er på høyring.

Statskog innførte i 2011 i tillegg ein ny praksis for når støl skulle reknast for å vera i bruk. Statskog hevdar det må vera eigar som må bruke eigedom med støl for at stølen skal reknast for å vera i bruk etter fjellova. Statskog skriv: *Stølsvollen brukes, det er riktig, men ikke av eier av gården den er knyttet til. --- At samme leietager bruker jorda både på gården og stølsvollen er irrelevant i denne saken. Stølen blir ikke brukt av eier av gården som stølen er registrert på*. I boka "Allmenningsrett" av Thor Falkanger går det klart fram at allmenningsretten er knytt til eigedomen, og at det er brukar og ikkje eigar som kan utøve bruksretten. Ved vurdering av om støl er i bruk eller ikkje, er det utan betydning om det er eigar eller brukar som står for drifta. Blir stølen hausta eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksdrifta på eigedomen som stølen ligg til, vil stølen vera i bruk. Fjellstyret viser òg notat om bortleige datert 6.2.12 og som tidlegare er overlevert LMD. Sidan det har vorte tvist med Statskog om tolking om støl er i bruk, må dette klargjerast i §9 i forskrift.

Det er viktig å merke seg at innhaldet av bruksretten ikkje blir bestemt gjennom politiske vedtak, men gjennom bruk. Allmenningsretten er dynamisk og skal utvikle seg etter tida og tilhøva. Forskrift skal ikkje innskrenke bruksretten, men gi grunnlag for god saksbehandling.

Det er fleire område som er uklare og ulogiske i noverande forskrift. Både Norges fjellstyresamband (NFS), Vestre Slidre fjellstyre og fleire har bedt om at heile forskrift vart sendt på høyring. LMD har likevel ikkje teke dette til følgje og det er berre § 9 som er på høyring i denne omgang.

NFS ønskjer at fjellstyra sender uttale via sambandet for å kunne gi ei samla vurdering. Nærare orientering går fram av e-post datert 27.6.13. NFS meiner det er nødvendig å gi tilbakemelding i høyringa, at det også er behov for andre endringar i seterforskrifta. NFS ynskjer tilbakemelding på kva fjellstyra opplever som nødvendige endringar utover dei NFS allereie har gjeve uttrykk for overfor LMD. Frist for tilbakemelding til NFS er 9.september.

NFS ynskjer tilbakemelding på to forhold:

- 1) Forslag til endring av § 9
- 2) Behov for endringar i andre §§ i stølsforskrift

Andre forhold NFS meiner LMD må sjå på ved ei endring av seterforskrifta:

- Bortfall av seterrett
- Overføring av tilleggsjord
- Seter fallen i det fri etter § 22 i fjellova
- Endring og ominnreiging av beståande hus
- Saksbehandling i fjellstyret etter § 26

Vedtak

Fjellstyret støttar foreslege endring av § 9 i stølsforskrift, men forskriftendring løyser ikkje tvist med Statskog om støl er «i bruk» ved bortleige av gard med støl. Det er ingen tvil om at bruksretten er knytt til garden stølen ligg til og ikkje til eigar av garden. Sidan det er tvist med Statskog om tolking om støl er i bruk, må dette klargjerast i §9 ved denne forskriftsendringa. Fjellstyret vil derfor forslå at § 9 får slik ordlyd: *Blir setervollen hausta, anten til eige bruk eller for sal, eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, vil setra vere «i bruk» i høve til § 22 i fjellova. Bortleige av gard med seter er ikkje til hinder for at seter kan reknast for å vera «i bruk».*

Fjellstyret støttar NFS sitt synspunkt om at det må gjerast ein grundig gjennomgang av heile forskrifta. Det er nødvendig å vurdere fleire paragrafar enn det som er nemnd i NFS sitt notat. Klargjering av skilje mellom arbeidsoppgåver for Statskog og fjellstyra er ein del av dette og omfattar fleire paragrafar. Fjellstyret ber LMD å setja i gang ein prosess på gjennomgang av heile forskrifta. Bruksretten er ikkje statisk og vil endre seg etter tida og tilhøva. Det er derfor viktig at forskrift er eit rammeverktøy utan for mykje detaljstyring, slik at det ikkje hindrar endringar i utøving av bruksretten.

Fjellstyret skal godkjenne utvising av tilleggsjord, men det er manglande reglar i stølsforskrift om overføring av tilleggsjord. At ikkje overføring av tilleggsjord vart lagt til fjellstyret samstundes med at retten til utvising vart overført fjellstyret, er ei utgløyming ved endring av forskrift. Fjellstyret ber om at dette blir retta opp i samband med denne forskriftendringa.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: LMD
NFS